



Det har vore flotte gevinstbord siste åra. Hege Lekva og Janne Hjørnevåg tar eit overblikk på ein del av gevinstane i fjor.

Dei siste åra har skulemusikken servert eit skikkeleg kinderegg til publikum ein søndag i november. Fast arena har vore aktivitetshuset, og på programmet har det vore basar, konsert med korpset og eit innhaldsrikt og gratis kakebord. Arrangementet har vore ein suksess, og alle som har møtt opp har storkosa seg. Søndag ettermiddag kl.16 er det klart for årets tilskipping.



Denne supre gjengen skal ha helgeseminar, og stiller nok i toppform!

- Det blir mykje fint i år og, kan leiar i skulekorpset, Hilde Bringedal, fortelja vel vitande om at dei har hatt nokre overveldande gevinstbord på basaren dei siste åra. Alle dei flotte gevinstane har gått ut på eit par åreomgangar i tillegg til på talongbøker. Dette gjer denne basaren ekstra kjekk med svært mange fornøgde vinnarar. Korpset går ikkje rundt på bygda med loddsalg på førehand. Forklaringa på det er at det no er tid for adventskalendarsalg.

I tillegg til basaren vert det som kvart år, konsertavdeling med skulekorpset. Det vert avslutninga på seminaret som dei skal ha i helga. Dermed stiller nok dei svært godt rusta etter mykje øving. Etter å ha tjuvlytta litt på øvinga på tirsdag, trur eg dette kan verta eit høgdepunkt.

Den tredje hovudposten som høyrer med i dette konseptet, er eit gedigent kakebord. Her pleier det å vera veldig mykje godt, og det er berre å forsyna seg utan å tenkja på betaling. Det finst ikkje betre plass å ta søndagskaffien denne ettermiddagen.

Arrangørane er også dugande og raske i avviklinga. Dette gjer den mørke novembersøndagen til ei lysande oppleving saman med det godt tilpassa programinnhaldet.



Det vert mange flotte gevinstar, i år som i fjor.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland